

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

## **B** Innkalling til møte i Kontrollutval - Hornindal kommune

**Utval:** Kontrollutval - Hornindal kommune  
**Møtedato:** 25.05.2012  
**Møtetid:** 11.00  
**Stad:** Kommunestyresalen.  
**Møtenr.:** 2/2012

**Innkalling:** Faste medlemmer i utvalet, rådmannen i sak (10 - 11/12) og revisor i sak 10/12

**Melding til:** Ordførar(møterett), Kommunerevisjonen i Nordfjord (møterett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).

**Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762, eller på e-postadresse: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)**

### SAKLISTE

008/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.  
009/12: Skriv og meldingar.  
010/12: Årsrekneskap 2011 – Hornindal.  
011/12: Orientering – Investeringsprosjekt.  
012/12: Eigenvurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubudenskap..  
013/12: Oppfølgingsliste 2-2012 Hornindal.  
014/12: Eventuelt.

Hornindal 18.05.2012

Ola Are Ytrehorn (s)  
Leiar

  
Vidar Øvrebø  
**SEKOM - sekretariat**

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	<a href="mailto:post@sekom.no">post@sekom.no</a>	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 008/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 17.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	25.05.2012	008/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

## 009/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 16.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	25.05.2012	009/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyet	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

- SM 04-12: Vedtak kommunestyresak 137/12 Årsmelding kontrollutvalet 2011.  
SM 05-12: Vedtak kommunestyresak 138/12 Forvaltningsrevisjonsrapport 2011 –  
vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet Hornindal  
kommune.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**



# HORNINDAL KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Kommunestyret	03.05.2012	037/12	FRWE

Saksansvarleg: Frank Westad	Arkiv: 040 Objekt:	Arkivsaknr.: 11/818 - 6
-----------------------------	-----------------------	----------------------------

### Årsmelding Kontrollutvalet 2011

#### Sakstilfang / Lover / Plandokument

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	25.10.2011	Sogn og Fjordane kommunerevisjonsforening	INVITASJON TIL FYLKESDEKKANDE KONTROLLUTVALSOPPLÆRING
2	I	18.11.2011	SEKOM - sekretariat	Innkalling til kontrollutvalsmøte i Hornindal 24.11.2011
3	I	25.11.2011	SEKOM - sekretariat	Møtebok etter kontrollutvalsmøte i Hornindal 24.11.11
5	I	08.02.2012	SEKOM - sekretariat	Sak til kommunestyret til handsaming
4	I	08.02.2012	SEKOM - sekretariat	Kontrollutvalsmøte i Hornindal

#### Saka gjeld

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmelding vert stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet, Jfr. Kml.§77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultat av sitt srbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemar i kontrollutvalet, kven som har vore sekteretiat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

**Framlegg til vedtak:**

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Årsmelding for 2011 frå kontrollutvalet i Hornindal kommune vert godkjent.

Frank Westad /s.  
- rådmann -

**03.05.2012 KOMMUNESTYRET**

**KS-037/12 VEDTAK:**

**Samr.:** Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert vedteke.

SM 05-12



## HORNINDAL KOMMUNE

### Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Kommunestyret	03.05.2012	038/12	BS

Saksansvarleg: Brita Sollid	Arkiv: 230 Objekt:	Arkivsaknr.: 12/260 - 1
-----------------------------	-----------------------	----------------------------

### Forvaltningsrevisjonsrapport 2011 - vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet Hornindal kommune

#### Sakstilfang

- Revisjonsrapport: "Vurdering av rutiner og internkontroll knytt til lønsområdet- Hornindal kommune" datert 4. november 2011.

#### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt)

- Kommunelova
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar
- RSK001
- Kontrollutvalsvedtak 004/11

#### Saka gjeld

Handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport "vurdering av rutiner knytt til lønsområdet – Hornindal kommune" datert 4. november 2011.

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 der det bl.a. står:

*"Kontrollutvalet skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende betemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut frå kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar(forvaltningsrevisjon)"*

Oppgåvene til kontrollutvalet i samband med forvaltningsrevisjon er vidare heimla i kapittel 5 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

*"Kap 5. Kontrollutvalets oppgaver ved forvaltningsrevisjon"*

## **§ 9. Forvaltningsrevisjon**

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.

Forvaltningsrevisjon kan utføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap eller et kommunalt eller fylkeskommunalt foretaks årsregnskap.

## **§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon**

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

## **§ 11. Rapporter om forvaltningsrevisjon**

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvilke forvaltningsrevisjoner som er gjennomført og om resultatene av disse, jf. § 8 i forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner.

## **§ 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter**

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.

Prosjektet er tinga av kontrollutvalet i Hornindal på grunnlag av vedteken plan for forvaltningsrevisjon 2008-2011, jfr kommunestyrevedtak 036/09.

Rapport for forvaltningsrevisjonsprosjektet er datert 4. november 2011.

Etter forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar §8 skal rådmannen bli gjeven høve til å gje uttrykk for sitt syn i dei tilhøve som er omtala i rapporten. Rådmannen melde tilbake at han ikkje kunne sjå at rapporten inneheld feil eller manglar.

Kontrollutvalet si oppgåve er no å gje ei tilråding til kommunestyret om rapporten, jfr forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.



Revisor og rådmann er innkalla til møtet. Det vil då vere høve til å få nærmare avklaring på evt. spørsmål.

### **Sekreteriatet sine vurderingar**

Heimel for sekretariatet si handsaming av saka er § 20 2. ledd i forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

§ 20 sekretariat

2. ledd

*”sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalet er forsvarlig utredet og at utvalets vedtak blir iverksatt”*

I rundskriv 02/06 frå KRD er det gjeve ei nærmare tolking av korleis denne paragrafen er å forstå. *”Rapporter som avgis av revisor på revisors selvstendige faglige ansvar vil kontrollutvalets sekretariat ikke ha adgang eller mulighet til å overprøve. Også slike rapporter skal ididlertid gå via sekretariatet, men i slike saker vil sekretariatets saksforberedelse være en formalitet”*

Som følge av ovanfor ståande er rapporten ikkje nærmare kommentert av sekretariatet.

### **Tilråding frå sekretariatet til kontrollutvalet:**

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsrapporten ”Vurdering av rutiner og internkontroll knytt til lønsområdet - Hornindal kommune”, datert 4. november 2011.
2. Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret vurderer konklusjonane og tilrådingane i rapporten.

### **Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:**

- Kommunestyret viser til revisjonsrapporten ”Vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet – Hornindal kommune”, datert 4. november 2011”.
- Kommunestyret ber administrasjonen gå gjennom rutinane på lønsområdet og sjå til at desse er i samsvar med tilrådingane til revisor.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Kommunestyret viser til revisjonsrapporten ”Vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet – Hornindal kommune”, datert 4. november 2011”.
- Kommunestyret ber administrasjonen gå gjennom rutinane på lønsområdet og sjå til at desse er i samsvar med tilrådingane til revisor.

Frank Westad /s.

- rådmann -

**03.05.2012 KOMMUNESTYRET**

**KS-038/12 VEDTAK:**

**Samr.:** Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert vedteke.

## 010/12 ÅRSREKNESKAPEN 2011 - HORNINDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 18.05.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	25.05.2012	010/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

### Saksvedlegg.

- Forslag til fråsegn frå kontrollutvalet i Hornindal kommune.
- Rekneskap 2011. (Sendt frå kommunen).
- Årsmelding 2012. (Sendt frå kommunen).

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 for Hornindal kommune, datert 18.05.2012.

### KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

## ÅRSREKNESKAPEN 2011 - HORNINDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2011 for Hornindal kommune.

### Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§ 6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve si fråsegn.

#### § 6. Regnskapsrevisjon

*Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruksjer, eller avtaler med revisor.*

#### § 7. Uttalelse om årsregnskapet

*Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tid nok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.*

#### § 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

*Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.*

*Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.*

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ei fråsegn til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret. Formannskapet skal ha kopi av fråsegna. Forslag til fråsegn ligg ved. Til grunn for fråsegna ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

Kommunerevisjonen i Nordfjord er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

### Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet sitt utkast til fråsegn er utarbeidd i samsvar med mal utarbeidd av NKRF i 2005/2006.

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

---

Til  
Kommunestyret i Hornindal

Hornindal 25.05.2012

## FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2011 FOR HORNINDAL KOMMUNE

Årsrekneskapen 2011 for Hornindal kommune er handsama i kontrollutvalet i Hornindal 25.05.2012.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen.
- Årsmeldinga frå rådmannen.
- Revisjonsmeldinga frå Kommunerevisjonen i Nordfjord datert 18.05.2012.

Årsrekneskapen er avgjeven av rådmannen.

Rekneskapen viser eit brutto driftsresultat på kr. 10,235 millionar, og eit netto driftsresultat på kr. 9,755 millionar. Etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp i balanse.

Det er kommunestyret som er ansvarleg for disponering av mindreforbruket, og at dette skjer i samsvar med lovverket.

Revidert budsjett på inntektssida var kr. 90,545 mill. Rekneskapen viser kr. 101,472 mill. Det er særleg posten "Overføringar med krav til motytingar" som har avvik i høve til budsjett.

Revidert driftsbudsjett på kostnadssida var kr. 90,5 mill. Rekneskapen viser kr. 91,2 mill. Dette viser at det er god budsjett disiplin.

Revidert budsjett for eksterne finanstransaksjonar var kr 5,4 mill. Rekneskapen viser kr. 4,4 mill.

Netto driftsresultat er kr. 11,1 mill. betre enn budsjettet.

Etter motpost på avskrivningar og interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp i balanse.

Av årsrekneskapen og årsmeldinga går det fram at tenesteområda har eit overskot i høve til justert budsjett. Samla har einingane eit forbruk som er 2,090 mill. under budsjett. Sentraladministrasjonen, Utvikling og Helse og sosial har mindreforbruk, medan oppvekst og kultur har meirforbruk. Kontrollutvalet viser til årsmeldinga side 13 og utover for nærare detaljar.

---

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

---

Investeringsrekneskapen er avslutta med eit udekka meirforbruk på kr. 14,4 mill. Det må finnast budsjettdekning for dette beløpet. Det er kommunestyret sitt ansvar å vedta fullfinansiering av prosjekta. Det vert vist til årsmeldinga side 14 for nærare informasjon om investeringsrekneskapen.

Gjeldsgrada er redusert frå 63,4% i 2010 til 62,6% i 2011. For rådmannen sine kommentarar om gjeld vert det vist til side 7 i årsmeldinga.

KS si tilråding er at netto driftsresultat bør liggje på 3% av driftsinntektene for å sikre positiv økonomisk utvikling. Netto driftsresultat utgjer 9,4%, Hornindal kommune har såleis ein margin som ligg godt over dette målet.

Likviditeten synest å vere på eit tilfredsstillande nivå. Både likviditetsgrad 1 og 2 er betre enn det tilrådde minstekravet. Jfr. balansen og avsnittet om Likviditet i årsmeldinga.

Vi viser til årsmeldinga frå administrasjonen. Denne synest å forklare rekneskapen på ein god måte.

Vi viser til revisjonsmeldinga. Revisor har levert revisjonsmelding utan merknader.

Kontrollutvalet meiner at rekneskapen for Hornindal kommune kan godkjennast slik han ligg føre.

Ola Are Ytrehorn  
-leiar-

Siv Kristensen  
- nestleiar-

Kjetil Grodås

---

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 011/12 ORIENTERING INVESTERINGSPROSJEKT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 16.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	25.05.2012	011/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Hornindal kommune – Investeringsprosjekt – oppfølging av prosjekt, datert 08.02.2012.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalssak 012/10.
- Kontrollutvalssak 015/10.
- Kontrollutvalssak 005/12.
- Brev frå kontrollutvalet til Hornindal kommune om «orientering investeringsprosjekt - kontrollutvalet», datert 14.07.2011.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa om investeringsprosjekt vert teken til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

## ORIENTERING INVESTERINGSPROSJEKT

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### Innleiing – Kva saka gjeld

Orientering ved rådmannen om investeringsprosjekt under arbeid.

### Saksopplysningar:

I kontrollutvalssak 012/10 "Kontrollutvalsarbeid – tiltak" i kontrollutvalsmøte 25.11.2010 tok kontrollutvalet opp sak om tiltak i kontrollutvalsarbeidet. Kontrollutvalet gjorde bl.a. følgjande vedtak i saka.

*- Kontrollutvalet vil kvart år i august/september ha orientering frå administrasjonen om status på investeringsprosjekt under arbeid.*

I sak 015/11 «Orientering investeringsprosjekt» den 29.09.2011 orienterte administrasjonen om investeringsprosjekt under arbeid. I orienteringa kom det fram at enkelte prosjekt manglar vedtak om finansiering og / eller avtaler med grunneigarar. Administrasjonen opplyste at dei vil ta tak i dei aktuelle investeringsprosjekta, slik at desse skal bli fullførde i samsvar med kommunestyrevedtak og aktuelle regelverk. Det vart gjort fylgjande vedtak i saka:

- Kontrollutvalet tek til vitande at administrasjonen vil ta tak i prosjekt 2041, slik at prosjektet kan bli fullfinansiert.*
- Kontrollutvalet tek til vitande at administrasjonen vil ta tak i prosjekt 4056, 4042, 4007 og 4005 vedrørande avtalar med grunneigarar, finansiering og gjennomføring i samsvar med aktuelt regelverk.*
- Kontrollutvalet vil følgje opp saka i første møtet i 2012.*

I kontrollutvalsmøtet den 03.02.2012 i sak 005/12 "Orientering investeringsprosjekt" fekk kontrollutvalet ei ytterlegare orientering frå rådmann i saka og gjorde følgjande vedtak:

- Prosjekt 2041 er finansiert gjennom disposisjonsfond. Kommunestyrevedtak 67/11.*
- Prosjekt 4056, 4007 og 4005 heng saman. Gjeld parkering i sentrum. Oppsittarar i sentrum skal betale for parkeringsplassar. Saka er ikkje prioritert, men skal krevjast inn.*
- 4042 Flaumskade – Otterdalselva i 1995. Flaumskaden er utbetra – krav om bidrag frå private ikkje fakturert.*
- Orienteringa om investeringsprosjekt vert teken til vitande.*
- Administrasjonen vert kalla inn til neste møte den 30 mai for å gi ei ny orientering.*

08.05.2012 er det sendt brev til Hornindal kommune der kontrollutvalet ber rådmann om ei ny orientering i saka i møtet den 30. mai 2012. Møtet har seinare vorte flytta til den 25.05.2012.

Rådmannen er kalla inn til møtet.

### Sekretariatet sine vurderingar:



# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Hornindal kommune

6761 HORNINDAL

Førde, 08.02.2012

Dykkar ref.:

Vår ref.: Vø

Jnr.: 022/12

Arkiv: Hornindal

## INVESTERINGSPROSJEKT – OPPFØLGING AV PROSJEKT

I kontrollutvalsmøte 29.09.2011 i sak 015/11 "Orientering investeringsprosjekt" orienterte administrasjonen v/økonomisjef og rådmann om investeringsprosjekt under arbeid. I orienteringa kom det fram at enkelte prosjekt manglar vedtak om finansiering og /eller avtalar med grunneigarar. Administrasjonen opplyste at dei vil ta tak i dei aktuelle investeringsprosjekta, slik at desse kan bli fullførde i samsvar med kommunestyrevedtak og aktuelt regelverk.

Kontrollutvalet gjorde vedtak om å be om ei ny orientering i saka på første møte i 2012.

I kontrollutvalsmøtet den 03.02.2012 i sak 005/12 "Orientering investeringsprosjekt" fekk kontrollutvalet ei ytterlegare orientering frå rådmann i saka og gjorde følgjande vedtak:

- Prosjekt 2041 er finansiert gjennom disposisjonsfond. Kommunestyrevedtak 67/11.
- Prosjekt 4056, 4007 og 4005 heng saman. Gjeld parkering i sentrum. Oppsittarar i sentrum skal betale for parkeringsplassar. Saka er ikkje prioritert, men skal krevjast inn.
- 4042 Flaumskade – Otterdalselva i 1995. Flaumskaden er utbetra – krav om bidrag frå private ikkje fakturert.

Orienteringa om investeringsprosjekt vert teken til vitande.

- Administrasjonen vert kalla inn til neste møte den 30 mai for å gi ei ny orientering.

Kontrollutvalet vil difor be rådmann om ei ny orientering i saka i møtet den 30.mai 2012.

For kontrollutvalet

Vidar Øvrebo

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 012/11 EIGENVURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SIN UBUNDENSKAP

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 16.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	25.05.2012	012/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

### Saksvedlegg

Vurdering av ubundenskap, datert 05.03.12

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.  
Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Hornindal kommune, Markvard Sunde, si eiga vurdering av ubundenskap datert 05.03.2012 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

### Kontrollutvalet sitt vedtak:

## **EIGENVURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SIN UBUNDENSKAP**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Det vert vist til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15.

Sitat:

” Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig eigen vurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. ”

### **Saksopplysningar:**

Markvard Sunde, oppdragsansvarleg revisor for Hornindal kommune, har i brev datert 05.03.12 gjeve ei skriftleg eigen vurdering av sin ubundenskap. Sjå vedlegg.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert sin ubundenskap med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i eigen vurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t ubundenskap og objektivitet overfor Hornindal kommune.

Til  
Kontrollutvala i kommunane i revisjonsdistriktet

## Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap

### Innleiing

Ifølge revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering til kontrollutvalet kring eige sjølvstende. Kravet til sjølvstende og objektivitet gjeld og revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarlege revisorar som er pliktige til å legge fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

### Lova sine krav til revisor sitt sjølvstende

Følgjande kjem fram av kommunelova § 79:

Den som utfører revisjon for ein kommune eller fylkeskommune kan ikkje ivareta revisjons- og kontrolloppdrag for kommunen eller fylkeskommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ei tilknytning til verksemda som vert revidert eller kontrollert, verksemda sine tilsette eller tillitsmenn, at dette er eigna til å svekke revisor sitt sjølvstende og objektivitet. Som nærstående vert å rekne

- a) ektefelle og ein person som vedkommande bur saman med i ekteskapsliknande forhold
- b) slektningar i rett oppstigande eller nedstigande line og sysken, og deira ektefelle eller personar som dei bur saman med i ekteskapsliknande forhold og
- c) slektningar i rett oppstigande eller nedstigande line og sysken til ein person som nemnd under bokstav a.

Det same gjeld dersom det finst særigne tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til revisor sitt sjølvstende og objektivitet ved utføring av oppgåvene. Tilsetting som revisor i kommunen eller fylkeskommunen, eller i ei interkommunal samarbeidsordning, medfører ikkje i seg sjølv at revisor manglar naudsynt sjølvstende og objektivitet.

Org.nr:	Kommune:	Adresse:		Telefon - direkte:	E-postadresse:
976 304 470	EID	Rådhusvegen 11	6770 Nordfjordeid	57 88 58 87	revisor@eid.kommune.no
	GLOPPEN	Postboks 300	6821 Sandane	57 00 92 64	revisor@glommen.kommune.no
	HORNINDAL	Postboks 24	6761 Hornindal	57 87 98 08	revisor@hornindal.kommune.no
	SELJE		6740 Selje	57 85 85 26	revisor@selje.kommune.no
	STRYN	Tonningsgata 4	6783 Stryn	57 87 48 18 -19	revisor@stryn.kommune.no
	VÅGSØY	Postboks 294	6701 Måløy	57 84 50 29	revisor@vagsoy.kommune.no

Krava til sjølvstende er nærare spesifisert i revisjonsforskrifta § 13.

- Revisor kan, jamfør forskrifta, ikkje ha andre stillingar hos kommunen eller fylkeskommunen eller i verksemd som den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen deltek i, ved sidan av revisoroppdraget.
- Revisor kan ikkje vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen eller fylkeskommunen deltek i.
- Revisor kan ikkje delta i, eller ha funksjonar i anna verksemd når dette kan føre til at vedkommande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som utfører revisjon.

I tillegg gjeld følgjande avgrensing ved utføring av oppgåver, jamfør revisjonsforskrifta § 14:


- revisor kan ikkje utføre rådgjeving eller andre tenester dersom dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sitt sjølvstende og objektivitet
- revisor kan ikkje gje tenester som høyrer til den revisjonspliktige sine (dvs. kommunen sine) eigne leiings- og kontrolloppgåver
- revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, med unntak av bistand i skattesaker etter domstollova.

#### Oppdragsansvarleg - og oppdragsrevisor si vurdering av sjølvstende

Pkt 1: Tilsettingstilhøve	<i>Underteikna har ikkje tilsettingstilhøve i andre stillingar enn i kommunerevisjonen.</i>
Pkt 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i verksemdar som kommunane i revisjonsdistriktet deltek i.</i>
Pkt 3: Å delta eller ha funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i eller har funksjonar i anna verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunane slik at dette har betydning for sjølvstende og objektivitet.</i>
Pkt 5: Rådgjeving eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<p>Før slike tenester vert utført gjer ein ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i høve til revisor sitt sjølvstende og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utføring av slik teneste kjem i konflikt med vilkåra i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvar ein skild tilfelle må vurderast særskild.</p> <p>Revisor gjev jamleg svar på spørsmål som vert å sjå som rettleiing og støtte og ikkje revisjon. Paragrafen seier at og slike rettleiingar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor ved seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</p> <p><i>Underteikna har ikkje gjeve rådgjeving eller andre tenester til kommunane som kjem i konflikt med dette vilkåret.</i></p>

Pkt 6: Tenester som høyrer til kommunen sine egne leiings- og kontrolloppgåver	<i>Underteikna har ikkje gjeve tenester til kommunane som høyrer til kommunane sine egne leiings- og kontrolloppgåver.</i>
Pkt 7: Opptre som fullmektig for den som er revisjonspliktig	<i>Underteikna opptrer ikkje som fullmektig for nokon av kommunane.</i>
Pkt 8: Andre særskilde tilhøve	<i>Underteikna kjenner ikkje til andre særskilde tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til sjølvstende og objektivitet.</i>

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

  
 Markvard Sunde  
 Revisjonssjef

**Kopi til:**  
 Samstyret for Kommunerevisjonen i Nordfjord

## 013/12 OPPFØLGINGSLISTE 2-2012 - HORNINDAL

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 16.05.2012

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saksnr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutval Formannskap Kommunestyre	25.05.2012	013/12 - -	- - -	Ja

### **Saksvedlegg.**

- Oppfølgingsliste 2-2012 Hornindal.

### **Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### **Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Oppfølgingsliste 2-2012 vert teken til vitande.

### **KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Saksutgreiing

## **OPPFØLGINGSLISTE 2-2012 HORNINDAL**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 16. mai 2012.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**



## Oppfølgingsliste 2-2012 - Hornindal.

### Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Hornindal kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
09/10 Skriv og meldingar.	25.11.10		25.11.10: Vedtak KU – KU ber kst gjere vedtak i sak 08-2007 frå Alarmsentralen. 13.12.10: Brev til Hornindal kommune.
12/10 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	25.11.10		25.11.10: Vedtak KU – 26.11.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i aug/sep.
04/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet.	04.02.11	Frist 01.11.11.	04.02.11: Vedtak KU. 26.04.11: Bestilling sendt til KIN. 03.05.12 Vedtak i KS
15/11 Orientering investeringsprosjekt	29.09.11		29.09.11 Vedtak KU: - Kontrollutvalet tek til vitande at administrasjonen vil ta tak i prosjekt 2041, slik at prosjektet kan bli fullfinansiert. - Kontrollutvalet tek til vitande at administrasjonen vil ta tak i prosjekt 4056, 4042, 4007 og 4005 vedrørende avtalar med grunneigarar, finansiering og gjennomføring i samsvar med aktuelt regelverk. - Kontrollutvalet vil følge opp saka i første møtet i 2012.
16/11 Budsjett drift av kontrollutvalet 2012	29.09.11		29.09.11 Vedtak KU: Budsjett vedteke 30.09.11 Vedtak sendt over til KS.
18/11 Eventuelt.	29.09.11		29.09.11 Det vart teke opp eiga sak om prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt : "Vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet – Hornindal kommune." <b>Sjå sak20/11</b>
20/11 "Forvaltningsrevisjonsprosjekt : "Vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet – Hornindal kommune."	29.09.11		29.11.11 Vedtak KU: Kontrollutvalet tek orienteringa til revisor rundt prosjektet til vitande. Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen med dei kriterium som kjem fram i dokumentet "Notat til møte i kontrollutvalet 29.09.2011". <b>Sjå sak 23/11</b>
021/11 Skriv og meldingar	24.11		24.11 Vedtak i KU: Skriv og melding teken til vitande.
023/11 Forvaltningsrevisjonsrapport –"Vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet - Hornindal.	24.11		24.11 Vedtak i KU: Kommunestyret ber administrasjonen gå gjennom rutineane på lønsområdet og sjå til at desse er i samsvar med tilrådingane til revisor. 25.11 Rapport sendt til KS
024/11 Overordna analyse	24.11		24.11 Vedtak i KU: Kontrollutvalet tingar overordna analyse frå kommunerevisjonen i Nordfjord.
01/12 Godkjenning innkalling og sakliste			03.02.12 Vedtak i KU: Det var ikkje merknadar til innkalling og sakliste.
02/12 Skriv og meldingar.			03.02.12 Vedtak i KU: Skriv og meldingar teken til vitande
03/12 Møteplan for			03.02.12 Vedtak i KU: Møteplan for kontrollutvalet i

kontrollutvalet i Hornindal 2012.			Hornindal for 2012 vert godkjent.
04/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Hornindal.			03.02.12 Vedtak i KU: Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Hornindal kommune vert godkjent. 08.02.12 Årsmelding sendt til KS
05/12 Orientering -- Investeringsprosjekt.			03.02.12 Vedtak i KU: Prosjekt 2041 er finansiert gjennom disposisjonsfond. Kommunestyrevedtak 67/11. Prosjekt 4056, 4007 og 4005 heng saman. Gjeld parkering i sentrum. Oppsittarar i sentrum skal betale for parkeringsplassar. Saka er ikkje prioritert, men skal krevast inn. 4042 Flaumskade – Otterdalselva i 1995. Flaumskaden er utbeta – krav om bidrag frå private ikkje fakturert. Orienteringa om investeringsprosjekt vert teken til vitande. Administrasjonen vert kalla inn til neste møte den 30 mai for å gi ei ny orientering. 08.02.12 Sendt brev til Hornindal kommune
06/12 Oppfølgingsliste 1-2012			03.02.12 Vedtak i KU: Oppfølgingsliste 1-2012 vert teken til vitande.
07/12 Eventuelt	24.11		03.02.12 Vedtak i KU: Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

Oppdatert 16.05.12.

## 014/12 EVENTUELT

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 16.05.2012

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saksnr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutvalet	25.05.2012	014/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

#### Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.